Spelemannslaget De frilynde

Ein presentasjon av laget, aktiviteten og musikken

Lene Meum og Nils Seland - fredag 6. mars 2015

Bli litt kjent med ein triveleg gjeng frå 15 til 80 år som kjem saman kvar onsdag for å dyrka musikkglede og sosialt fellesskap. Her får du eit kort innsyn i musikken me arbeider med og den aktiviteten laget er med på.

Biletet viser spelemannslaget i ein konsert på Rådhusteatret i Ski saman med gruppa Brazz brothers.

Introduksjon

Spelemannslaget blei skipa i 1981 og har idag 26 medlemmer. Den lokale folkemusikken har alltid vore eit sentralt tema i laget. I Folloregionen var Norskaug-familien ei viktig tradisjonskjelde, og Arne Norskaug var musikalsk leiar i laget dei siste åra før han døydde. Det har vidare gjennom mange år vore eit tett samarbeid med Kathleen Brevik, som bl. a. har gjort mykje for å få den rike Dal-tradisjonen frå Frogn fram i lyset.

I seinare år har laget - med stønad frå Ski musikkråd - arbeidd systematisk med å få stoff etter spelemannen Christian Mærli i Enebakk i bruk, og dette er idag ein sentral del av vårt repertoar - bl. a. presentert på Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

*Pubspel på Nordsjøfestivalen * Årleg kurshelg på Folkemusikksenteret Sigdal * Program saman med Springar'n i Ski*

Spelemannslaget De frilynde

Om aktiviteten og musikken

Laget har vore innom fleire sjangrar.

TURDANS

Laget har eit breitt og solid repertoar av musikk til tur- og rekkedansar. Det gjer at me har mange oppdrag for organiserte danseringar- og lag i regionen Akershus/Østfold/Oslo.

RUNDDANS

Runddansmusikk er hovudaktiviteten og blir framført på leik- og gammaldansfestar og på hyggekveldar i dei forskjellige dansemiljøa i regionen.

BYGDEDANS

Laget har arbeidd mykje med den gamle springdansmusikken - både den asymmetriske rytmen til Finnskogpols, men også andre deler av det - etter kvart rike tilfanget av gammalt slåttemateriale frå regionen.

KYRKJEMUSIKK

Laget har dei siste 3-4 åra etablert samarbeid med i alt fire lokale menigheter om å bidra med musikk under Gudstenesta. Det blir då valt ut salmar til kjende folketonar, og så blir det nytta folkemusikkinspirert liturgi-musikk komponert av Jo Asgeir Lie. Laget har her hatt samarbeid med Folkedanslaget Springar'n, som har gitt danseframsyning som ein integrert del av gudstenesta. Ved ei anledning har heile gudstenesta vore bygd opp over tema i Jakob Sande sitt dikt "Tale ved Kleng spelemanns grav". På denne måten har folkemusikken sin skjebne fått ei brei behandling gjennom vår deltaking.

GAMLE SLAGERMELODIAR FRÅ 1930-1950-TALET

Laget ønskjer å spreia musikkglede til mange, og me byr oss derfor til å spela på hyggekveldar for pensjonistar og gjerne også på helse/pleieinstitusjonar. Her er det viktig å finna repertoar med stor gjenkjenning hos dei eldre, men den eldste folkemusikken er likevel alltid med som ein fast del av repertoaret vårt.

SJANGEROVERGRIPANDE MUSIKK

Laget blei i si tid inspirert av gruppa Brazz Brothers sitt samarbeid med Vågå Spelemannslag om prosjektet Vågåblot. Ein del av desse slåttane blei tatt inn i vårt repertoar, og dei er framført saman med jass-musikarar på Nordsjøfestivalen i Farsund og med gruppa Brazz Brothers på Rådhusteatret i Ski.

I 2014 hadde laget samarbeid med Ski janitsjar. Stoffet var storband-arrangement av Even K. Skatrud basert på lokal folkemusikk og utgitt av Akershus musikkråd. Me spela på to konsertar. Først på Kulturfestivalen i Ski i juni 2014 og sist på Nyttårsfestspill på Rådhusteatret i Ski først i februar 2015.

Det er klart vi har hatt musikktradisjoner i vår region også.

BJØRN MORTEN KJÆRNES
rektor på Kontra kulturskole og konferansier søndag kveld.

Nyttårs-festspill Rådhusteateret på Ski den 1. februar 2015

Folkemusikken fra Follo

Innslaget som var absolutt mest interessant på programmet, besto av Spelemannslaget De frilynte i samarbeid med Ski janitsjar.

- Vi er kanskje ikke sterkest på folkemusikk, men det er klart vi har hatt musikktradisjoner i vår region også, sa konferansier Bjørn Morten Kjærnes før Ski Janitsjar og Spelemannslaget sammen fremførte musikkstykker, blant annet komponert fra Enebakk.

Den spennende instrumentmiksen bestående av blant annet trekkspill, feler, gitar, klarinetter og tromboner, var i høyeste grad vellykket.

Tekst og foto ØB

Formidling og konsertar

FESTIVALAR OG KONSERTAR REGIONALT OG NASJONALT

Laget har gjennom mange år deltatt fast på Landsfestivalen for gammaldansmusikk og på Nordsjøfestivalen i Farsund. Laget har også stilt opp fleire gonger under dansearrangement på Riksscenen i Oslo.

Laget har tradisjon kvart år med å bidra med folkemusikk på Barnas dag på Follo museum i juni og på Gamle Hvamsdagen på Hvam museum på Romerike i august.

Vidare stiller laget med lokal musikktradisjon i huskonsert i Børsumbygningen på Follo museum i september.

Gammeldanspub på Nebbenes. Arrangør Steinsgårdskroken spell- og danselag.

Raumatreffet, Åndalsnes. Tevling og dansespel.

Laget har gitt ut tre CD-plater - i hovudsak med lokal folkemusikk.

I samarbeid med Folkedanslaget Springar'n og Follo Gammeldans Ensemble har laget produsert ei forestilling om folkemusikk som blei framført på Kolben kulturhus i Oppegård og på Rådhustatret i Ski. (vedlagt plakat)

Fra Paris til Ljansbruket - fra de polske sletter til Kroer

En reise gjennom den folkelige dansens og musikkens historie frem til våre dagers Follo-tradisjon



Follo er kanskje ikke det området du forbinder med folkemusikk- og dansetradisjon, men det er ikke uten videre sant.

I ballsalene på gamle, ærverdige Ljansbruket i Hvervenbukta i Oppegård ble det - frem til den tragiske brannen i 1913 - danset stilfulle formasjonsdanser direkte inspirert fra de kondisjonerte kretser på kontinentet.

Og i Kroer satt Arne Norskaug for et halvt hundreår siden og spilte til dans på lokalet i rytmer som i stor grad har kommet vandrende til oss over Polen og Sverige og siden utviklet seg til sitt unike, lokale preg.

Vi er tre kultur-lag i Follo som gjerne vil formidle denne historien til deg gjennom musikk, sang og dans.

Gjesteartist og solist på fiolin
Tonje Lien Barkenæs

Kom og opplev distriktets energiske kulturbærere og la deg henføre av Oberstløytnant Ingiers Storvals, så vel som heftig utfoldelse i "gammelpols" - med sin "skeive" rytme også kalt "grensemusikkens Rumba".

Kulturhuset Kolben onsdag 21. november kl. 19.00
Rådhustheateret, Ski tirsdag 27. november kl. 19.00

Billetter kr. 140,- er å få kjøpt ved de to scenene:
www.kolben.no Telefon: 6681 5000
www.raadhusteatret.no/billetter.html Telefon 820 68 366

Arrangører og utøvere:

Follo Gammeldans Ensemble

Folkedanslaget Follo 1978 Springar'n

Spelemannslaget De frilynde

Konsertene blir gjennomført med Formidlingsstøtte fra Rådet for folkemusikk og folkedans

Det første spelemannslaget i verden som har framført folkemusikk ved Den norske opera og ballett

FESTIVALAR OG ANDRE KONTAKTAR I UTLANDET

Aleine eller i samarbeid med dansegrupper har laget hatt ei omfattande reiseverksemd.

- Folkemusikkfestival i St. Petersburg, Russland. Karelien Spring Festival.
- Folkemusikkfestival i Irland saman med leikarringen Peer Gynt, Lillestrøm: International Folkdance Festival, Bree,Enniscorthy, Co. Wexford, 30th July – 4th August, 2008
-
- Folkemusikkfestival i Laggenbäck i Tyskland saman med leikarringen Peer Gynt
- 10th International Folk Dance Festival in Riihimäki, Finland 14. - 19.6.2011 saman med leikarringen Peer Gynt.
- Folkemusikkfestival på Bornholm saman med Haug leikarring, Hokksund.
- Laget har etablert fast kontakt med engelske Oxford Fiddle Group. Gruppa har gjesta De frilynde under Nordsjøfestivalen i Farsund og De frilynde har vore på gjenvisitt i Oxford. Det har vore ei aktiv utveksling av musikk mellom dei to laga.